

KOMPETANSEPLAN NKR - BARNEHAGE

Regional ordning for kompetanseutvikling barnehage - REKOMP

Kolås barnehage

- Kartlegging

Kva kartleggingsverktøy har vore nytta? Grunngeving for val av verktøy.

Vi har nytta ståstadsanalysen for barnehage, hovudtema og 2 tilleggstema, digital kompetanse og mengd, rom og form. Vi har også ei oversikt over utdanning og kompetanse. For å synleggjere behovet for kompetanse på leiing og rettleiing.

På grunn av korte tidsfrister og vanskar med å finne møtefora, valgte vi å nytte ein forenkla variant av Ståstadsanalysen. I Kolås barnehage har dei pedagogiske leiarane på småbarn gjennomført ei felles kartlegging av småbarnsavdelingane og dei pedagogiske leiarane på stor avdeling gjort ei kartlegging av stor avdeling. I tillegg til dei pedagogiske leiarane har styrar delteke i kartlegging, refleksjon og drøfting.

- Forankring

Korleis er kompetanseplanen forankra? Kven har delteke i arbeidet og prosessen? Referat?

For Kolås barnehage som er ein kommunal barnehage er der ein felles kompetanseplan for dei tre kommunale barnehagane. Hovudsatsingane er kommunale føringar som satsing på DUÅ og språk.

- Identifisert behov

Kva kompetanseutviklingsbehov har de identifisert i dykkar barnehage? Prioriter dersom fleire. Kartlegginga syner et behov for kompetanse på digital kompetanse og mengd, rom og form. Den syner også eit behov for kompetanse på leiing og rettleiing for pedagogane i barnhagen.

Refleksjonar rundt utviklingsbehova:

Mengd, rom og form. Vi har kompetansen i forhold til kva rammeplanen seier om dette fagområdet og vurderer at det ikkje trengs kurs for å heve kompetansen på dette området. Det handlar heller om prioriteringar, då vi for eksempel har satsa mykje på DUÅ og språk.

Digital kompetanse. Kommunen har ei satsing på digital kompetanse i skulen, som også skal vidareførast til barnehagane. For barnehagane sin del må det først prioriterast i budsjettet i forhold til innkjøp av nødvendig utstyr, som for eksempel prosjektor og lerret og smartboard. Vi vil også trenga noko opplæring i bruk av utstyr i forhold til mål for arbeidet med digitale verktøy i barnehagen.

Leiging og rettleiing for pedagogar. Dette er ei utfordring i kvardagen. Leiarrolla er ein væremåte og leiaren kan inneha eigenskapar som fremjer eller hemmer ein god arbeidskultur. Bevisste leiarar med god kompetanse på leiging er eit behov i Kolås. Rettleiing av personalet er ein del av kvardagen i barnehagen. Kunnskap om ulike måtar å organisere rettleiinga og kvaliteten på rettleiinga og kan med fordel styrkjast gjennom kompetanseheving til pedagogane.

- Argumentasjon for behovet

Kva argument meiner de kommunen og regionen skal vektlegge når ein skal prioritere dette/desse kompetanseutviklingstiltaket/-a

Kompetansebehov:

IKT og digital kompetanse. Dette er ei satsing i kommunen og barnehagen vil få dekkja sine behov for kompetanseutvikling gjennom dette prosjektet.

Tal, rom og form. Her har barnehagen eit utviklingspotensiale. På grunn av fleire satsingar i kommunen (sosial kompetanse, språk og digital kompetanse), må ei eventuell satsing passa saman med desse satsingane og passa tidsmessig i forhold til arbeidsmengde.

Leiging og rettleiingskompetanse for pedagogane. Berre ei av pedagogane våre, i tillegg til styrar, har vidareutdanning og formell kompetanse i forhold til leiging og rettleiing.

Stad/dato

Lindås, 05.11.18

Hanne Haukås

Styrar i Kolås barnehage